



Kraftkommunen Tokke er med sine 2300 innbyggjarar ein moderne industri-, jordbruks- og reiselivskommune. Saman med dei andre fem Vest-Telemarkkommunane utgjer dei "folkekulturhovudstaden" i Noreg. Kommunesenteret Dalen ligg i nordenden av den vakre Telemarkskanalen. Med eit godt, desentralisert tenestetilbod og eit rikt fritidstilbod er Tokke den gode bustadskommunen – midt mellom Oslo og Stavanger.

Til rådmannen sitt nye leiarteam søker vi to etatsjefar Etatsjef for utvikling Etatsjef for oppvekst

Etter organisasjonsendring har Tokke kommune ledig spennande og utfordrande stillingar i det som skal utgjere rådmannen sitt nye leiarteam. Felles for stillingane er at kommunen ynskjer leiarar med gode fagkunnskapar, teamforståing, gode leiaregenskapar og evne til strategisk og heilskapeleg tenkning på tvers av etatar.

Ny personalsjef er nett tilsett. Det same gjeld etatsjef for omsorg og etatsjef for helse.

Gjeld begge stillingane

Tokke kommune har etter organisasjonsendring ledig spennande og utfordrande stillingar til rådmannen sitt nye leiarteam. Felles for stillingane er at kommunen ynskjer leiarar med gode faglege kvalifikasjonar, teamforståing, vilje og evne til endring, gode leiaregenskapar og evne til strategisk og heilskapeleg tenkning på tvers av etatar. Kommunen arbeider systematisk med endringsprosessar og organisasjonsutvikling, og det implementerast no ein ny organisasjonsmodell med etatstruktur i ein "tilnærma tonivåmodell". Personalsjefen skal saman med etatsjefane utvikle og forankre ein offensiv og moderne arbeidsgjevarepolitikk i alle ledd og støtte tenesteleiarane i gjennomføringa av denne.

Personalsjefen vil saman med rådmannen og resten av rådmannen si leiargruppe ha ei sentral rolle i personalutvikling, organisasjonsutvikling og leiarutvikling. Det er viktig med solid forankring av ein god, felles arbeidsgjevarepolitikk i heile organisasjonen. Personalansvaret er lagt ut i line; sentraladministrasjonen har stabs- og støttefunksjonar for lineleiarane.

Kommunen sitt administrasjonsspråk er nynorsk. Løn etter avtale.

Opplysningar om stillinga ved rådmann Therese Hauger, tlf. 35 07 52 00 eller våre rådgjevarar i Kommunal Rekruttering Jan Sebjørnsen, tlf. 95 00 94 44. Søknad sendes til post@k-rekruttering.no. **Søknadsfrist 22. desember 2011.**



Etatsjef for utvikling

Ansvarleg for følgjande tenesteområde:

Landbruk, næringsutvikling, tekniske tjenester og kulturområdet.

Utdanning:

Søkeren bør ha relevant høgskule- eller universitetsutdanning gjerne innan eit eller fleire av dei fagområda som etaten omfattar.

Arbeidserfaring:

- Leiarerfaring frå offentleg eller privat sektor
- Erfaring frå lagbygging
- Ei føremon med god kjennskap til kommunal forvaltning og kommunale verkemåtar innan samfunnsutvikling i heile lokalsamfunnet
- Økonomi: budsjettering/oppfølging/rapportering
- Kompetanse/erfaring innan kommuneplanlegging
- Prosjektsøknader/prosjektfinansiering/gjennomføring av samfunns-/næringsprosjekterprosjekter. Planleggings- og operativ kompetanse.

Personlege eigenskaper:

- Klåre leiareigenskapar med evne til strategisk tenking og utøving av strategisk leiing
- Evne til å sette dei forskjellige tenesteområda inn i eit samfunnsutviklingsperspektiv (planlegging for bukvilheit, gode arbeidsplassar, fritidstilbod, kompetanse m.v.). Samanhang og samverke mellom lovpålagte og ikkje-lovpålagte oppgaver
- "realistisk" og visjonær
- Vere kulturbyggjar og utviklar av ein etat som er ein nyskaping
- Ha gode samarbeidsevner og vere kommunikativ
- Evne til å styrke mellomleiar nivået
- Løsnings- og resultatorientert

Etatsjef for oppvekst

Ansvarleg for følgjande tenestområde:

Skular, oppvekstsentra, SFO, barnehagar og kulturskule

Utdanning:

- Relevant høgskule- eller universitetsutdanning/skulefagleg og god pedagogisk kompetanse

Arbeidserfaring:

- Leiarerfaring
- Erfaring frå oppvekstsektoren
- Økonomi: budsjettering/oppfølging/rapportering/eksterne midlar
- God kjennskap til gjeldande lovverk og sakshandsaming

Personlege eigenskaper:

- Klåre leiareigenskapar med evne og moglegheit til å tenke heilskap og utøve strategisk leiing

- Evne til å skape ei heilskapeleg tilnærming til oppvekstfeltet med samanhang i utdanningslina frå barnehage til vidaregåande opplæring
- Ivareta oppvekstområdet si sentrale rolle i det overordna samfunnsperspektiv – kfr. kommuneplanen.
- Vere premissleverandør for skuleeigarrolla/nivå på tenestene
- Vere pådrivar og inspirator for systematisk kvalitetsutvikling i skulen
- Tydeleg, engasjert og visjonær leder
- Ha kompetanse på prosess-styring
- Evne til å styrke mellomleiarnivået
- Lagbyggjar med evne til å gjere andre gode
- Løysingsorientert